

SMART > Smarte klede

I prosjektet Safe@sea samarbeider SINTEF med Helly Hansen, SISYFOS og fleire andre aktørar om å lage arbeidsklede for fiskarar. Kleda skal ha innebygd elektronikk med naudstopp og alarmknapp som varslar om fiskarar fell over bord, tekstilane skal vere smussavvisande og sjølvreparerande, og kleda skal ha innebygd livvest som gir oppdrift. I filmen får du sjå korleis prosjektet er organisert og finansiert, korleis teknologien fungerer, og prosessen frå idé til kommersielt produkt.

Oppgåver før du ser filmen

1. SINTEF har eit forskningsprosjekt om smarte klede. Kva er hensikta med dette prosjektet, trur du?
2. Prøv å lage ein definisjon av kva smarte klede er for noko.
3. Ver kreativ og gi nokre døme på smarte klede som du kunne tenkje deg å ha. Kva eigenskapar skal desse kleda ha?

Oppgåver til filmen

1. Kva definisjon av smarte klede blir brukt i filmen?
2. Samanlikn definisjonen i filmen med den du sjølv laga før du såg filmen – kva er likt, og kva er ulikt?
3. Kva behov hos fiskarane løysar dei smarte kleda frå Safe@sea? Set informasjonen inn i ein tabell som denne:

Behovet hos fiskarar	Løysinga til Safe@sea	Beskriving av teknologi

4. Kva slags fagbakgrunn og funksjon har dei ulike deltakarane i prosjektet?
5. Korleis er prosjektet finansiert?
6. Beskriv korleis fiskarklede blir testa undervegs i prosessen.
7. Kva utfordringar trur du at prosjektet har møtt frå idé til ferdig produkt?
8. Kva verdi kan dette prosjektet ha for samfunns- og næringsliv?
9. Kva overføringsverdi kan desse smarte fiskarklede ha for andre yrke og arbeidsmiljø?

Fordjupingsoppgåver

- 1 I denne oppgåva skal du ta utgangspunkt i artikkelen *Hjelm som tenker* (<http://www.adressa.no/nyheter/okonomi/article1049665.ece>) .
 - a) Les igjennom artikkelen og strek under eigenskapar som hjelmen har.
 - b) Les artikkelen på nytt og strek under ord og setningar som beskriv kven Storholm har fått tips og hjelp frå undervegs i prosessen med å utvikle hjelmen. Set til slutt opp ei liste over personar/institusjonar som kan ha gitt nyttig hjelp.
 - c) Hjelmen er bygd opp av mellom anna materialet d30. Kva eigenskapar har dette materialet?

- 2 I denne oppgåva skal du ta utgangspunkt i artikkelen *Intelligente klesplagg skal redde liv* (<http://www.adressa.no/nyheter/okonomi/article1049665.ece>).
 - a) Korleis kan smarte klede bidra til effektivisering av helsevesenet?
 - b) Kva utfordringar vil helsevesenet møte om dei skal ta i bruk ny teknologi knytt til smarte klede?
 - c) Kva ulemper ser du ved bruk av smarte klede som erstatning for andre helsetilbod?

- 3 Bruk Internett og finn døme på smarte klede som kan vere til nytte i arbeidsliv, medisin og helse. Beskriv kva som er nytteverdien til dei ulike produkta.

Forslag til søkjeord: *smarte klede, intelligente klede, smart wear, smarte tekstilar.*

Forslag til nettstader: www.forsking.no eller bruk ressursane.